



Tomasz Jakub Kowalski
Fensfjordvegen 111
5986 Hosteland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/247 - 23/2384

Sakshandsamar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

09.03.2023

Orientering om byggje- og søknadsreglar - Gbnr. 18/29

Masfjorden kommune ved avdeling for teknisk, miljø og landbruk er gjort kjent med at det pågår byggjearbeid på dykkar eigedom. Vi forstår at det er gjort arbeid med planering av terreng og sett opp ein mur på eigedommen.

Eigedommen ligg i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 regulert som LNF-området. Det betyr at det må søkjast om dispensasjon frå planformål i kommuneplanen før det vert iverksett noko tiltak, jf. kap. 19 i plan- og bygningsloven. Om tiltaket kjem nærare sjøen enn 100 m. må det og søkjast dispensasjon i forhold til §1-8 i same lov.

Om tiltaket hadde vore iht plan, kunne ein gjort planering av terreng i spredtbygd strøk om ein endrar terrenget mindre enn 3 m. For førstøtningsmurar kan desse vera inntil 1,5 m viss avstanden til nabo er over 4 m. Men dette forutset at tiltaket er iht. plan for området, noko det ikkje er her.

Alle murar over 1,5 m må uansett søkjast om og prosjekterast. Det må søkjast om ansvarsrett både for prosjektering og utføring av tiltaket. De må difor knyta til dykk eit foretak som kan vera søkjar for tiltaket.

Me ber derfor om at det vert søkt om tiltaket før det vert gjort vidare arbeid på eigedommen.

Ta gjerne kontakt om de treng ytterlegare informasjon.

Med helsing

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Melding om byggearbeid - gbnr 18/29

Vedlegg:
IMG_0217
IMG_0218

Mottakarar:

Tomasz Jakub Kowalski	Fensfjordvegen 111	5986	Hosteland
Vilmøy Asmussen Gaustad	Fensfjordvegen 111	5986	Hosteland